

Trafikksikringstiltak Uskedalen – oppsummering etter to opne møte

8. april og 10. juni 2015

Sak/ stad	Kva saka gjeld	Tiltak/ løysing
Fartsdempande tiltak gjennom sentrum	For høg fart, mange nesten ulukker. Stygg forbikøyring. Særleg utsette plassar er Korsnes, Brekktoppen v/ Auto 88, v/ nedkøyrsla til Beinavikjo, v/ utkøyrsla frå Skorhaug og på strekningen Uskedal bru – Eikebrua.	Fotoboks Lågare fartsgrense Fartsputer Smalare køyrebane Sak for Uskedal utvikling og FAU
Korsnes – overgang/ undergang	Bustadfelt på begge sider av FV. Høg fart. Leikeplass i område. Busstopp på begge sider av vegen. Gangvegen stoppar her. Ikkje veglys på Synet. Syner til ei dødsulukke og mange nesten ulukker.	Undergang Merka overgang Fartsdempande tiltak Sak for Korsneset Vel og Uskedal utvikling
Parkering/ Busslomma	Gjeld særleg v/ skulen, Aktivitetshuset. Vanskeleg v/ bringing og henting av born og v/ store arrangement. P på grusbane fell bort ved overgang til grøntgrasbane	Finna areal til P i sentrum. Reguleringsplan Sak for Uskedal utvikling, FAU og privat utbyggjar
Gamle skuleplassen	Plassen har ulik funksjon i dag: P, oppstillingsplass for SIM dunkar, Thaivogn, info.punkt, rasteplass, Bautastein, Grano, Gamleskulen m/ kafe, leikeareal, framkomst til bustader, kyrkja/ campingplass, torgplass og handel m.m.	Bør få laga ein plan for bruken av plassen. Vurder å ta fortauet bort. Vurder å opna opp v/ Gros Blomster (Jfr. Arealstrategiplan) Sak for Kvinnherad kommune

<i>Uskedal bru/ utkøyrsla frå Kjærlandsido</i>	<i>Plassen er sårbar, lite sikt, høg fart, vanskeleg for større køyrety som ligg i sving v/ at ein legg seg over i venstre vegbane før innkøyring på brua, smalare bru v/ montering av rekkverk</i>	<i>Spegel Stoppforbod for dei som kjem ned dalen Smalare vegbane/ utkøyring som igjen gjer det vanskeleg å ta svingen på ut over brua Sak for Kvinnherad kommune/ Vegvesenet</i>
<i>Kjærlandssido</i>	<i>Sjå brev frå Uskedalen Bondelag om fartsregulering og svar frå kommunen</i>	<i>Saka bør vurderast i samanheng med tiltak FV, Døsslandsido. Sak for Uskedal utvikling i samarbeid med Bondelaget</i>
<i>Veglys til Gardsbarnehagen, Dønhaug</i>	<i>Smal veg, høg fart, hus tett på vegen, mykje folk, Bedehuset og Stemneplassen ligg langs vegen.</i>	<i>Tiltaket vert iverksett</i>
<i>Haugland</i>	<i>Vanskeleg for store bilar å ta svingen på Haugland. Må snu v/ Gravene eller lenger oppe i dalen. Smalare bane på Storebru v/ montering av rekkverk</i>	<i>Arealet v/ svingen er privat. Tiltaket på brua er gjort for å skapa større sikkerhet</i>
<i>Gang/sykkelveg til Steinsletto</i>	<i>Er ikkje prosjektert og kostnadsrekna. Bør leggjast på den indre (sør) sida av vegen</i>	<i>Kommunal prioritetsliste</i>

Vidare arbeid:

- **Uskedal utvikling går i møte med Kvinnherad kommune og Statens Vegvesen for å sjå på straksløysingar**
- **Vurder kva tiltak som er eller ved rullering bør inn i K.delplan for trafikksikring**